

Økonominettverket 2022

Scandic Ørnen, Bergen

Arbeidsutvalet:

frå kommunane – Janne Sund, Ingrid Karin Kalaas, Ole Starheim, Geir Hansen
frå Statsforvaltaren – Marit Lunde, Kåre Træen

Håvard Rød, Sverre Høyenes, trainee Frida Eikrem Årseth



Statsforvaltaren i Vestland



15 – 16.11.22



Vår dato: 21.10.2022
 Vår ref: 2022/14257

Dykkar dato: «RefDato»
 Dykkar ref: «Ref»

Saksbehandlar, innvalstelefon
 Kåre Træen, 5764 3004

Handsaming av budsjett og økonomiplan – innsending til Statsforvaltaren

Etter at årsbudsjettet og økonomiplanen for 2023 – 2026 er vedteke, ber vi kommunane **snarast mogleg og seinast innan 30 dagar etter vedtaket** å sende dokumenta til Statsforvaltaren.

Vi ber om at dokumenta blir sendt elektronisk til vårt postmottak. Spørsmål om innsendinga kan rettast til vårt arkiv, [svvipost@statsforvalteren.no](mailto:sfvipost@statsforvalteren.no)

Årsbudsjettet og økonomiplanen som blir sendt til oss, skal vere ajourført i samsvar med vedtaket til kommunestyret. Vi ber òg om å få tilsendt utskrift av saksprotokollen for handsaminga, frå innstillinga til administrasjonen til vedtak i kommunestyret. Dette gjeld også for kommunale føretak.

Budsjett og økonomiplan skal vere utarbeidd, vedteke og oppsett etter kommunelova med tilhøyrande forskrift. Økonomiplanen må syne korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyrets prioriteringar og løyvingar og dei mål og premisser som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Dei skal også vise utviklinga i kommunens økonomi og utvikling i gjeld og andre vesentlege langsiktige forpliktingar. Vedtaket om årsbudsjettet skal angi beløpet for nye lån som skal takast opp i budsjettåret.

Økonomiplanen og årsbudsjettet skal settast opp i balanse for kvart år og vere realistiske, fullstendige og oversiktlege etter lov og forskrift. Innsparingar (auka inntekter eller reduserte utgifter) som kommunestyret vedtek for å oppnå årsbudsjettet og økonomiplanen i balanse, skal vere fordelte ut på dei enkelte ramme- eller tenesteområda. Dette inneber at innsparingane blir fordelte og trekjjer ned løyvingane etter kommunestyret sine prioriteringar.

Økonomiplanen kan utgjere, eller inngå i, kommuneplanens handlingsdel etter plan- og bygningslova § 11-1 fjerde ledd.

Etter kommunelova har kommunestyret ei plikt til å vedta finansielle måltal for styringa av kommuneøkonomien. Med finansielle måltal er det meint politiske mål for økonomisk utvikling, t.d. mål for utvikling av netto driftsresultat, gjeldsgrad og disposisjonsfond.

E-postadresse: svfpost@statsforvalteren.no Sikker melding: www.statsforvalteren.no/melding	Postadresse: Njøsvegen 2 6863 Leikanger	Besøksadresse: Njøsvegen 2, Leikanger Statens hus, Katgaten 9, Bergen Fjellveggen 11, Førde	Telefon: 57 64 30 00 www.statsforvalteren.no/ Org.nr. 974 760 665
--	---	--	---



Økonomiplanen og årsbudsjettet skal innehalde oppstillingane:

- bevilgningsoversikter drift etter forskrifta § 5-4 (to skjema etter 1. og 2. ledd)
- bevilgningsoversikter investeringar etter forskrifta § 5-5 (to skjema etter 1. og 2. ledd)
- økonomisk oversikt drift etter art, jf. forskrifta § 5-6 (seinaste frist for innsending er 1. mars)
- oversikt over den årlege utviklinga i gjeld og andre vesentlege langsiktige forpliktingar i planperioden, jf. forskrifta § 5-7.

Kommunale føretak, interkommunale politiske råd og kommunale oppgåvefelleskap kan i oppstillingane etter forskrifta § 5-4 og § 5-6 slå saman uvesentlege postar med andre postar, og utelate postar som ikkje er aktuelle.

For kommunale føretak som driv næringsverksemd kan årsbudsjettet og økonomiplanen tilpassast etter forskrifta § 7-2.

Bustadsosialt arbeid

Kommunal- og distriktsdepartementet har sett i gang eit treårig forsøk for å skape ei tettare kopling mellom det bustadsosiale arbeidet og andre kommuneretta oppgåver hjå Statsforvaltaren. I forsøksperioden er Husbankens rettleiingsoppgåver overført til Statsforvaltaren. Eit godt bustadsosialt arbeid vil over tid vere løysamt for kommunane, og til rettleiing og oppfølging av kommunane vil vi m.a. bruke informasjon frå budsjett og økonomiplanar. Vi ber derfor om at kommunane frå 2023 omtalar mål og tiltak innanfor det bustadsosiale arbeidet i budsjettedokumenta.

Kontroll og budsjettbrev til kommunane

For alle kommunane kontrollerer vi at budsjett og økonomiplan er i balanse, og at det ikkje er budsjetter med uspesifiserte innsparingar. Denne kontrollen avgjer om det etter kommunelova er grunnlag for å melde kommunen inn i Robek-registeret, og ev. etter det føreta ein lovleg kontroll av budsjettedokumenta.

Statsforvaltaren vil også for budsjettet 2023 og økonomiplanen til 2026, sende eit budsjettbrev til kvar kommune. I brevet formidlar vi våre økonomiske vurderingar ut i frå status og slik økonomien er planlagt for dei nærmaste åra. Eit viktig grunnlag for slike vurderingar er kommunestyra sine vedtak om finansielle måltal med handlingsreglar, og korleis dette blir følgt opp gjennom planlegging og styring av økonomien.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Kåre Træen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Dersom det er spørsmål kan kommunane ta kontakt med Håvard Rød (55 57 21 43), Marit Lunde (57 64 30 05) eller Kåre Træen (57 64 30 04) hjå Statsforvaltaren.





Løyvingsskjema 5-4, 2. ledd

Bevilgning drift 1B	Rekneskap 2020	Opph. budsjett 2021	Økonomiplan 2022	Økonomiplan 2023	Økonomiplan 2024	Økonomiplan 2025
Sentraladministrasjon	18 693 288	16 273 815	18 776 914	18 776 914	18 776 914	18 776 914
Pensjon	-1 013 376	-6 000 000	-3 000 000	0	0	0
Kyrkje	4 700 000	4 500 000	4 200 000	4 200 000	4 200 000	4 200 000
Oppvekst, kultur og fritid	108 286 088	95 222 817	97 042 487	96 142 487	95 642 487	95 642 487
Helse og omsorg	166 896 212	152 387 126	161 653 247	161 453 247	161 453 247	161 453 247
Samfunn og utvikling	27 764 002	41 756 242	47 730 883	47 480 883	47 480 883	47 480 883
Netto inntekt	-21 384 062	-6 140 000	-14 853 849	-15 653 849	-16 253 849	-16 853 849
Sum bevilningar drift, netto	303 942 152	298 000 000	311 549 682	312 399 682	311 299 682	310 699 682
Av dette:						
Netto renteutgifter og -inntekter	437 800	399 996	399 996	399 996	399 996	399 996
Avdrag på lån	182 038	159 996	159 996	159 996	159 996	159 996
Overføring til investering	348 148	300 000	0	0	0	0
Avsetninger til bundne driftsfond	7 611 298	125 000	125 000	125 000	125 000	125 000
Bruk av bundne driftsfond	-8 887 379	-4 282 000	-4 282 000	-4 282 000	-4 282 000	-4 282 000
Bruk av disposisjonsfond	0	0	0	0	0	0
Korrigert sum bevilningar drift, netto	304 250 246	301 297 008	315 146 690	315 996 690	314 896 690	314 296 690

Løyvingsoversikt drift etter forskrifta § 5 – 4, 2. ledd

Endring:

Avsetninger til bundne driftsfond

Bruk av bundne driftsfond

Avsetninger til disposisjonsfond

Bruk av disposisjonsfond



Statsforvaltaren i Vestland

Facebook @SFVestland

Twitter @SFVestland

LinkedIn @SFVestland

Abonner på nyhende www.statsforvaltaren.no/vl

Løyvingsoversikt etter forskrifta § 5-4, 1. og 2. ledd. Dette er nærmare omtalt i rettleiaren til [budsjett- og rekneskapsforskrifta, samt i breva av 03.10.19 frå departementet til NKK](#) (brevet ligg etter forskrifta) og til Fylkesmannen i Vestfold og Telemark av 03.09.19. Under følgjer eit døme som er sett opp etter rettleiaren og dei nemnde breva frå departementet.

Døme på løyvingsoversikt drift etter forskrifta 5-4, 2. ledd							
BUDSJETTOMRÅDE:	2022	2023	2024	2025	b-2021	r-2020	
100 Politisk organ							
Netto utgifter og inntekter	4 000 000	4 000 000	4 000 000	4 000 000	4 500 000	4 200 000	
Netto avsetj. og bruk av bundne fond	-	-	-	-	-	-	
Netto avsetj. og bruk av disp.fond	- 600 000	- 600 000	- 600 000	- 600 000	- 600 000	- 450 000	
Overføring til investering	0	0	0	0	0	0	
Netto ramme	3 400 000	3 400 000	3 400 000	3 400 000	3 900 000	3 750 000	
110 Rådmann							
Netto utgifter og inntekter	7 000 000	7 000 000	7 000 000	7 000 000	7 000 000	7 000 000	
Netto avsetj. og bruk av bundne fond	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	500 000	
Netto avsetj. og bruk av disp.fond	- 500 000	- 500 000	- 500 000	- 500 000	- 500 000	- 450 000	
Overføring til investering	0	0	0	0	0	0	
Netto ramme	7 500 000	7 500 000	7 500 000	7 500 000	7 500 000	7 050 000	
120 Oppvekst							
Netto utgifter og inntekter	50 000 000	45 000 000	45 000 000	45 000 000	52 000 000	49 000 000	
Netto avsetj. og bruk av bundne fond	-	-	-	-	-	-	
Netto avsetj. og bruk av disp.fond	- 1 200 000	- 1 200 000	- 1 200 000	- 1 200 000	- 1 000 000	- 700 000	
Overføring til investering	500 000	0	0	0	0	0	
Netto ramme	49 300 000	43 800 000	43 800 000	43 800 000	51 000 000	48 300 000	
Sum netto utgifter og inntekter	61 000 000	56 000 000	56 000 000	56 000 000	63 500 000	60 200 000	overf. post 6, 5-4, 1. ledd
Sum netto avsetj. og bruk av bundne fond	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	500 000	post 19, 5-4, 1. ledd
Sum netto avsetj. og bruk av disp.fond	- 2 300 000	- 2 300 000	- 2 300 000	- 2 300 000	- 2 100 000	- 1 600 000	post 20, 5-4, 1. ledd
Sum overføring til investeringar	500 000	-	-	-	-	-	post 18, 5-4, 1. ledd
Sum netto ramme	60 200 000	54 700 000	54 700 000	54 700 000	62 400 000	59 100 000	



K-lova § 14 – 19 med forskrift og rettleiar

- Forbod mot garantiar for næringsverksemd
- Forbod mot garantiar med vesentleg økonomisk risiko
- Statsforvaltaren skal godkjenne garantivedtak
 - små garantiar unnateke godkjenning
- EØS-reglane om offentleg støtte





GARANTI

Placeholder for the content of the guarantee, represented by seven horizontal grey bars.



Krav til innhaldet i garantivedtaket

- kven garantien er stilt for
- formålet garantien gjeld for
- type garanti som er stilt
- maksimalt beløp det er stilt garanti for med reduksjon i garantiperioden
- start og opphøyr av garantien
- ev. atterhald
- om vedtaket må godkjennast av Statsforvaltaren




Tersklar for små beløp (ikkje krav om godkjenning)

Innbyggertall	Beløpsgrense (mill kr)
Under 3000	0,8
3000 til 10000	2,0
10000 til 30000	4,0
30000 til 100000	7,0
Over 100000	10,0






Frie inntekter korrigert for variasjon i utgiftsbehovet



Frie inntekter i 2021 inkl. eidegdomsskatt, konsesjonskraft, heimfall og havbruk i prosent av landsgjennomsnittet av inntekt per innbyggjar. Kjelde: Kommuneproposisjonen 2023




Nominell vekst i frie inntekter 2023 - rekna frå anslag rekneskap 2022



per fylke etter eit gjennomsnitt for kommunane i fylket




Nominell prosentvis vekst i frie inntekter 2023 rekna frå anslag rekneskap 2022





Folketal og inntektssystemet


- 1. juli er teljedato for innbyggjartilskotet og utgiftsutjamninga
- Kartet viser prosentvis utvikling for perioden 01.07.2021 – 01.07.2022:
 - 7 kommunar med vekst over landsgjennomsnittet på 1 prosent
 - 19 med vekst opp til gjennomsnittet
 - 17 med nedgang i folketallet




Økonomi – inngangen til 2022 og fram til 2025




Netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter



Langsiktig brutto gjeld i prosent av driftsinntekter



Disposisjonsfond i prosent av driftsinntekter



Kjelde: SSB statistikkbanken 2021

budsjett- og økonomiplanar 2022 – 2025 (tal for kommunekassa)



Skjønnstilskot 2023 – kommunane

- Vestland 139 mill. kroner
 - fordelt ordinære skjønnsmidlar i statsbudsjettet 109 mill.
 - fornyings- og innovasjonsprosjekt 15 mill.
 - til seinare fordeling i budsjettåret 15 mill.
- Sentrale midlar (KDD) ufordelte:
 - Reservepott 120 mill.
 - prosjektskjønn 30 mill.